

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE - 151	15/233

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
068/2015	Formannskapet	PS	17.11.2015
003/2015	Administrasjonsutvalet	PS	01.12.2015
	Kommunestyret	PS	
005/2015	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	01.12.2015
004/2015	Arbeidsmiljøutval	PS	01.12.2015

Budsjett og økonomiplan 2016 - 2019

Forslag til vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016-2019 vert vedteke slik det ligg føre
2. Liste over småinvesteringar i budsjettdokumentet vert godkjent og skal innarbeidast i talbudsjett og rammer for 2016
3. Eigedomsskatt 2016
 - a. For eigedomsskatteåret 2016 vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c.
 - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
 - c. Eigedomsskatten for 2016 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
4. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 300 000 for 2016. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen legg fram sak om budsjett og økonomiplan 2016 – 2019 til handsaming i formannskapet.

Formannskapet skal handsame framlegget og gje innstilling til vedtak i kommunestyret.

Vurdering

Det vert vist til budsjett-/økonomiplandokumentet, med kommentarar, oversyn og tabellar.

Dei økonomiske utsiktene syner strammare økonomi gjennom heile økonomiplanperioden. I 2016 vil inntektene, frå eigedomsskatt på verk og bruk samt refusjon frå Vaksdal kommune vedkomande sjukeheimsplassar, verte redusert med totalt nær 4 millionar kroner. I tillegg er det trong til å redusere bruken av midlar frå næringsfondet for å kunne byggje opp reservar til ulike infrastrukturtiltak som er under planlegging.

I framlegget ligg ei usaldert utfordring på kr 800 000. Det må såleis finnast løysing på korleis kr 800 000 skal innsparast før budsjettet for 2016 er ferdig saldert.

Formannskapet må ta stilling til korleis og på kva område ein skal kutte kostnader og føreta justeringar med sikte på å balansere drifta og såleis kompensere for lågare inntekt. Rådmannen har under førebuaende budsjett-drøftingar orientert om ulike tiltak som kan gjennomførast. Rådmannen vil gje ytterlegare informasjon om og grunngje siine framlegg ved handsaminga av budsjettet i formannskapet den 17.11.15.

Rådmannen vil føreslå følgjande tiltak som kan nyttast til å saldere driftsbudsjettet og til å redusere fondsbruken:

Tiltak for saldering av budsjettet:

Modalen barnehage – auke betalingssatsar til makspris.

Inntektsystemet legg opp til at alle kommunar nyttar makspris. Vi har og brukar ordningar som ivaretek dei som har svakare betalingsevne. Betaling for barnehage er ein kostnad som føresette kan trekkje frå i eiga sjølvmelding. Auke i betalinga vil soleis delvis verte kompensert gjennom lågare skatt. Sjølv med makspris ligg samla betaling for vårt barnehagtilbod under nivå for andre kommunar, sjå vedlegg med kommentarar frå styrar.

Effekt 2016 : Meirinntekt kr 125.000

Aktivitetstilbod for barn og unge (Under ansvar kultur)

Er budsjettet ei delstilling som har vore vanskeleg å få tilsetjing i dei siste åra. Har vore gjeve tilskot til ulike tiltak innan budsjett. Er behov for å gjennomføre ulike tiltak, men tilbod kan kanskje løysast i større grad i samarbeid med andre enn som eit reint kommunalt tiltak. Budsjettet ramme kr 200.000. Framlegg om å avvikle stillinga, men nytte noko av midlane - kr 50.000 - som tilskot til tiltak mot føremål og målgruppe.

Effekt 2016 : Reduksjon kr 150.000 med slik årlegvidareføring

Tilskot til politiske parti:

Årleg sum skal etter regelement fastsetjast i budsjettet. Framlegg om ei halvering i høve tidlegare.

Effekt 2016 : Reduksjon kr 10.000 med slik årleg vidareføring

Tilskot til den norske kyrkja (Mo sokn):

Tilskotet auka med 3% for 2016 til kr 1.040.000, men då på føresetnad som omtala i budsjettdokumentet.

Avvikling av tilbod om snøbrøyting og plenklypping:

Avvikle ordning slik som omtala i budsjettdokumentet under pleie og omsorgstenesta.

Effekt 2016 : Reduksjon kr 10.000. I tillegg innspart tid i ulike ledd av organisasjonen.

Samla effekt kr 265.000 er ikkje innarbeida i budsjettframlegget og kan gå til saldering i 2016 med vidare verknad i planperioden.

Tiltak for redusert bruk av fondsmidlar i budsjettet:

Avvikling av tilskot til internett:

Kommunen har betalt 200 kr inkl mva / mnd = 2.400 kr pr. år / abonnent for alle som har internett via kommunal fiber. Årleg kostnad har mellom anna vore dekkja ved bruk av kr 250.000 av fondsmidlar. Tal abonnentar 2015: 149. Støtte samla: 350.000 kr / år inkl mva.

Effekt 2016 : Reduksjon kr 250.000 er allereide innarbeida i budsjettet- redusert fondsbruk

Effekt 2016: Reduksjon utover fondsbruk kan gå til saldering drift

Stipendordning til elevar i vidaregåande skule:

I samsvar med vedlagt reglement (sist vedtek 2009) gjev kommunen årleg stipend (stort kr 26.100 i 2015) til alle elevar som går på vidaregåande skule, enten dei bur heime eller på hybel. Tal elevar varierer over tid, men det var 10 elevar ved oppstart hausten 2015. Det er låne- og stipendordningar frå staten som tek omsyn til familieøkonomi ved trong for å bu borte på hybel. Rådmannen rår til at kommunalt stipend vert avvikla frå nytt skuleår 2016/17.

Effekt 2016 : Reduksjon kr 130.000 for 2. halvår, men kr 260.000 i åra vidare

Konklusjon

Det er utsikter for strammare økonomi utover planperioden. Det er venta at eigedomsskatteinntekta vil verte mykje redusert, noko ein alt har merka i tala for 2015 og 2016. Rådmannen legg fram budsjett og økonomiplan for planperioden og synleggjer eit behov for å justere/tilpasse drifta til eit redusert inntektsnivå.

Formannskapet - 068/2015

FOR - behandling:

Ordførar delte ut søknad om stønad frå Vaksdal/Modalen skyttarlag til bygging av nytt anlegg med

skytebane i Modalen. Ordfører orienterte om saka.

Administrasjonen orienterte om ulike tilhøve i rådmannen sitt framlegg til driftbudsjett, investeringar og økonomiplan. Ulike alternativ for saldering av budsjettet vart drøfta. Rådmannen sine framlegg vart konkret gjennomgått og avklart i møtet.

Etter drøfting av ulike tiltak samla formannskapet seg om følgjande:

Formannskapet tilrår å halde fast på mål om 3% netto driftsresultat
Avdrag lån vert vidareført med 1.5 mill kroner for 2016
Bemanningsnorm barnehage skal vidareførast som i dag
Barnehagepris vert ikkje auka til makspris, men sett til 3% auke som føreslege i betalingsastsar for 2016

Følgjande framlegg frå rådmannen vart samrøystes tilrådd iverksett frå og med 2016:

Aktivitetstilbod for barn og unge (Under ansvar kultur) utgår

*Effekt 2016 : Reduksjon kr 150.000 med årleg vidareføring
Kr 50.000 som er budsjettet på denne tenesta vert flytta til teneste ungdomsråd (under rådmannen sitt rammeområde)*

Tilskot til politiske parti redusert som føreslege:

Effekt 2016 : Reduksjon kr 10.000 med årleg vidareføring

Tilskot til den norske kyrkja (Mo sokn):

Tilskotet auka med 3% for 2016 til kr 1.040.000, men då på føresetnad som omtala i budsjettokumentet.

Tilbod om snøbrøyting og plenklypping vert avvikla

Effekt 2016 : Reduksjon kr 10.000. I tillegg innspar tid i ulike ledd av organisasjonen.

Tilskot til internett vert avvikla

*Effekt 2016 : Reduksjon kr 250.000 er allereide innarbeida i budsjettet - redusert fondsbruk
Effekt 2016: Reduksjon utover fondsbruk kan gå til saldering drift*

Stipendordning til elevar i vidaregåande skule:

Ordninga vert å evalure våren 2016.

Samla innsparing drift 2016 utgjer kr 170.000 som vert til reduksjon av salderingsbehov, kr 800.000, i rådmannen sitt budsjettframlegg med.

Rest salderingsbehov kr 630.000 vert å fordele på ulike rammeområde av rådmannen.

Investeringsbudsjett

Ramme for ny rampe og busskur vert føreseleg redusert til kr 500.000 i 2016

Lysløype/turløype vert oppført med kr 500.000 i 2017

Øvreste postar vart ikkje endra.

FOR - vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016-2019 vert vedteke slik det ligg føre.
2. Liste over småinvesteringar i budsjettdokumentet vert godkjent og skal innarbeidast i talbudsjett og rammer for 2016
3. Eigedomsskatt 2016
 - a. For eigedomsskatteåret 2016 vert det skrivne ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c.
 - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
 - c. Eigedomsskatten for 2016 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
4. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 300 000 for 2016. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

Formannskapet vedtek følgjande endringar i høve rådmannen sitt framlegg til budsjett/økonomiplan.

Driftsbudsjettet:

Aktivitetstilbod for barn og unge (Under ansvar kultur) utgår

Effekt 2016 : Reduksjon kr 150.000 med årleg vidareføring

Kr 50.000 budsjettert på denne tenesta vert flytta til teneste ungdomsråd, under rådmannen sitt rammeområde

Tilskot til politiske parti redusert som føreslege:

Effekt 2016 : Reduksjon kr 10.000 med slik årleg vidareføring

Tilskot til den norske kyrkja (Mo sokn):

Tilskotet auka med 3% for 2016 til kr 1.040.000, men då på føresetnad som omtala i budsjettdokumentet.

Tilbod om snøbrøyting og plenklypping vert avvikla

Effekt 2016 : Reduksjon kr 10.000. I tillegg innspart tid i ulike ledd av organisasjonen.

Tilskot til internett vert avvikla

Effekt 2016 : Reduksjon kr 250.000 er allereide innarbeida i budsjettet- redusert fondsbruk

Effekt 2016: Reduksjon utover fondsbruk kan gå til saldering drift

Stipendordning til elevar i vidaregåande skule:

Ordninga vert å evalure våren 2016.

Samla innsparing drift 2016 utgjer kr 170.000. Dette går til reduksjon av salderingsbehovet i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Rådmannen fordeler rest salderingsbehov kr 630.000 på ulike rammeområde etter nærmare vurdering

Investeringsbudsjettet

Ramme for ny rampe og busskur vert føreseleg redusert til kr 500.000 i 2016

Lysløype/turløype vert oppført med kr 500.000 i 2017

Arbeidsmiljøutval - 004/2015

AMU - behandling:

Rådmann og assisterande rådmann orienterte om ulike tilhøve som har påverknad på arbeidstilhøve

og arbeidsmiljøet.

AMU - vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet har ikkje særskilte merknader til budsjett og økonomiplanen. Det er positivt at det vert montert takheisar på Modalstunet.

Administrasjonsutvalet - 003/2015

AU - behandling:

Rådmannen gav ei kort orientering om ulike sider ved budsjettet.

AU - vedtak:

Administrasjonsutvalet har ikkje særskilte merknader til budsjett og økonomiplanen

Vedlegg:

Budsjett - Økonomiplan 2016-2019 - Formannskapet sin innstilling

Talbudsjett 2016 - vedlegg til rådmannen sitt framlegg

Budsjett - Økonomiplan 2016-2019 - Framlegg frå rådmannen - 10.11.15

Søknad om tilskot til Mo sokn - Budsjett 2016

Reglar for stipend til elevar i vidaregåande skule

Tiltak for auka inntekter - Modalen barnehage 2016

Statsbudsjett 2016 - Notat frå Fylkesmannen i Hordaland